



# Protokoll

## Styremøte på Park Hotell, Voss, 18. april 2018 kl 09:30

Desse møtte: Styreleiar Arne Presthus, Nestleiar Kjetil Larsgard, Svein Hjelmeland, Reidar Stenberg, Ivar Bjørkedokken, Tore Gunnar Hjortland, Nils Kyrkjedelen, Magnhild Østraat Lars Børge Sæberg møtte for planlegging av årsmøte.

Frå administrasjonen møtte Janne Alsaker og Britt Karen Alfarnes

Marit Hesvik møtte ikkje, så 1.vara frå krins Hordaland Magnhild Østraat hadde røysterett.

### **Sak 12/18 Godkjenning av innkalling og saksliste**

Vedtak: innkalling og saksliste vart godkjend

### **Sak 13/18 Godkjenning av referat frå møte februar 2018**

Vedtak: referatet vart godkjend

### **Sak 14/18 Rekneskap**

Denne er godkjend tidlegare. Ordinært resultatet viser eit overskot på kr 57 744,12 Styret føreslår at dette overskotet går til å styrka egenkapitalen. Dette skal det røystast over på årsmøtet.

### **Sak 15/18 Årsmelding**

Fordeling av oppgåver til årsmøtet

Ordstyar skal leia møtet og Arne Presthus tar ein gjennomgang av rekneskap, årsmelding og budsjett.

### **Sak 16/18 Budsjett**

Godkjend tidlegare.

### **Sak 17/18 Orientering frå krinsmøte**

Arne Presthus orienterte om krinsmøta som vart halde på Gol 27. februar og i Omvikedalen 05.mars.

På begge møta hadde det vore færre frammøte enn vanleg, med det hadde begge plassar vore eit åpent, postivt og greitt møte.

Det kom signal om at medlemmene ynskjer å styrka laget, og det var åpenhet for utviding av laget.

På møtet på Gol var Frode Alfarnes frå NLT med, og på møtet i Omvikedalen var Gjensidige tilstades og informerte om forsikringar.

### **Sak 18/18 Andre saker**

Ingen andre saker var meldt inn.

[Skriv inn tekst]

**Sak 19/18 Vidare behandling av spørsmålet om deling av laget.**

Styret har tidligare diskutert deling av laget og kome til einigheit einstemmig, om at vi føreslår vidare drift av laget slik som i dag eventuelt med muligheter for utviding av aktiviteten i både Buskerud og Hordaland.

Vedtak: Styret føreslår å drive laget som i dag.

Møtet heva 10:55

Ref BKA